

## **Årsmelding for BKA Trondheim og omegn for 2021.**

Trass i situasjonen med covid 19, har Trondheim BKA hatt eit aktivt år. Vi har gjennomført lokale markeringar og også delteke aktivt i nasjonale hendingar og prosessar. Hovudfokus i 2021 har vore valgkampen og landsmøtet 3. oktober.

### **Vi har hatt jamt lokalt arbeid.**

Plangruppa har hatt jamnlege møter på Zoom eller på To Tårn. Vi har også hatt møter i mindre arbeidsgrupper for årsmøtet, og enkeltpersonar har hatt møter og samarbeid med for eksempel landsmøtehotellet.

Vi deltok i «Broen til framtid» i Trondheim i Erkebispegården i nobember, og vi hadde også eit program med presentasjon av BKA Trondheim på hyggestund i Byåsen menighet.

### **Valgkampen lokalt.**

Vi hadde rel. Mange markeringar i byen i samband med valgkampen. Vi delte ut løpesetlar, snakka med folk og dreiv medlemsverving. Vi presenterte Valgutvalget sin matrise med oversikt over partiprogramma sin klimapolitik. Dette var eit fint utgangspunkt for samtale om stortingsvalget. Mange førstegangsvelgarar var svært interesserte i å bli informert om partia sin klimapolitikk. Pga covid var det ikkje så mange ofentlege debattmøter, men vi deltok i noen få.

### **Valgutvalget.**

Nina Weidemann var med i landsstyret fram til Landsmøtet, og var med å ta initiativet til «Valgutvalget» (VU). VU var samansett av folk frå heile landet, og vi var tre frå Trondheim med, Nina Weidemann, Alf Engdal og Ola Dimmen. VU arbeidde med å gå gjennom partiprogramma og å ta kontakt med media og parti for i stortst mogleg grad å sette fokus på klima i valgkampen. VU hadde mange møter og stor aktivitet, og hovudformålet var å opplyse om klimapolitikken til dei ulike partia. Vi samla svara i partiprogramma på klimapolitiske problemstillingar i ei stor matrise. Denne blei presentert som annonser i mange aviser og brukta også på løpesetlar i valgkampen. Arbeidet i VU blei også grundig omtalt på heimesidene til BKA, og fleire medier viste interesse for det vi la fram. Det blei også produsert lesarinnlegg og kronikkar. Det er vanskeleg å vurdere den samla effekten av arbeidet, men prosessen genererte god kontakt mellom lokallag/personar som brukte sine kontakter inn mot parti og representantar/kandidatar

### **Landsmøte og årsmøte.**

BKA Trondheim arrangerte nasjonalt landsmøte og årsmøte i Trondheim 2-3 oktober. Royal garden fungerte fint som landsmøtehotell, med stor møtesal og inkvartering tilpassa smittevernreglar. Arrangementet innebar mykje arbeid og planlegging, og vi hadde mange møter i forkant. Vi fikk til eit flott kulturprogram med lokale krefter, ma. nylaga dans av elevar frå Katta. Vi hadde gode innleiarar til debatt og samtale, og heile programmet ligg på heimesidene. Landsmøtet i 2021 var nok ei kvalitetsheving og profesjonalisering i forhold til tidlegare landsmøter med billegare og mindre lokaler, og dette kunne gjennomførast pga. god økonomisk støtte frå BKA sentralt. Nina Weidemann gikk ut av styret etter gjennomført valgperiode, og Alf Engdal vart innvald frå Trondheim.

### **Lokallagssamlingar.**

Som medlem av landstyret har Nina Weidemann jobba spesielt med kontakt med lokallaga i BKA landet rundt. Da det viste seg at det ikkje lot seg gjere å arrangere fysisk lokallagssamling 2021 som

tidligare år på grunn av pandemien, fekk ho i stand en serie med digitale lokallagsmøter i vårhalvåret – eit møte pr. månad. Møta blei gjennomførde med Nina som møteleder og Ola Dimmen som teknisk møtevert og hadde god deltaking frå alle lokallag – med mellom 40 og 50 deltakarar på kvart møte. Gjennomføringa av stortingsvalgkampen var eit gjennomgangstema på møta, og dessutan blei sakene «BKA i møte med barn og unge», «Naturmangfold – en sak for BKA?» og «Den interne samtalen i BKA» drøfta. På landsmøtet i oktober blei møteserien nevnt som et viktig bidrag til å holde den interne kommunikasjonen i BKA oppe i en nedstengt tid.

### **Arbeid med jernbane og motorvei.**

Idar Støwer har vore representant for BKA i Jernbanegruppa i BKA nasjonalt. Dei har halde fram med arbeidet for å prioritere jernbane i norsk samferdsel, og dei har eit stort kontaktnett med andre organisasjonar på landsbasis.

Idar har også samarbeid med Naturvernforbundet mot 4 felt motorveg til Værnes. Planane har blitt klaga inn for statsforvaltaren som gav medhald, men der bystyret i Trondheim likevel gjekk inn for planane. Etter fleire runder har likevel statsforvaltaren likevel godkjend planane. Arbeidet som er gjort har bidratt til å sette fokus på samferdselspolitikk og naturverdiar i det offentlege ordskiftet og dette er spørsmål som blir stadig meir aktuelle å engasjere seg i for BKA på landsbasis.

### **Klimabrølet.**

Vi spelte inn ein liten «brølevideo» på roperten ved Ladehammaren og sendte den inn som bidrag til kunstinstallasjonen «brølofonen».

### **Besök til Steinkjer.**

Ola var på besök til Steinkjer med foredrag og song på kulturkafeen og på Rotary. Dette var vellukka, og folk er tydelegvis engasjerte og ønskjer informasjon og debatt.

### **Medlemsverving og medlemstatus.**

Det var svært viktig for BKA å oppnå over 5000 medlemmar for å få statstøtte. BKA Trondheim deltok i vervekampanjen, og vi nådde målet vårt med 300 medlemmar. Pr dato er vi 332 medlemmar og 83 støttemedlemmar.

Trondheim 6.02. 2022, Ola Dimmen